

Møkster

ILLELUKTANDE AUSTEVOLLINGAR

Fisk og gjester luktar etter tre dagar, beiter det. Skarven treng ikkje så lang tid. Går du etter lukta, er ikkje skarven vanskeleg å finna.

Men ikkje gjer det. Der toppskarven hekkar hos oss, som på nokre av holmane vest av MØKSTER, har ein ikkje lov å ferdast. Heller ikkje er det lov å gå nærare med båt enn 50 meter frå land. Sjøfuglkoloniane på ein av holmane, Myrbærholmen, vart freda på privat initiativ så tidleg som i 1953, det andre verneområdet for sjøfugl i Hordaland.

Skarvekolonien ved Mågabølet, Myrbærholmen og Kvitingen vest av Møkster, er kanskje den eldste i fylket, men slett ikkje den største. I dag hekkar det neppe meir enn 10 par her – dei fleste i bergkløfter og avsatsar på Kvitingen. Austevollskarvane kan ha vore meir talrike før, men om dei ikkje er så mange, gjer dei mykje av seg og er lette å få auga på. Langt fleire hekkar i Sørøyane på Bømlø, om lag 250 par er talde der. Lenger nord i landet finst endå større hekkekoloniar av toppskarv.

Det er skarven sitt ein-sidede kosthald, fisk, som gjer at det gjerne luktar stramt på hekkeplassen. Om stanken er ille, er utsjånaden staseleg, med sterk metallglans i den ramsvarte fjørdrakta. Sjøfuglar må til vanleg vera nøye med fjørpussen for å halda vatnet ute frå kroppen og såleis unngå varmetap. Med skarvane er det annleis. Ofte må dei dukka til store djup for å fanga fisk. Då er det ein føremom å vera kompakt i skrotten. Det blir dei ved å sleppa vatnet gjennom fjørdrakta, og dei blir såleis våte til skinnet. Ein våt skarv er likevel ingen god skarv i lengda, så etter ei stund må dei på land og tørka seg. Truleg er det derfor vi ofte ser skarv sitjande med hengjande venger på sjømerke og høge steinar.

Av skarvane er det berre toppskarv som hekkar i Hordaland. Dei overvintrar for det meste nær hekkeplassane. Mange dreg òg



Eit ungekull på tre er mykje for ein toppskarv, og vitnar om gode næringstilbøve i havet like ved hekkeplassen. Frå Kvitingen naturreservat. (Stein Byrkjeland)

nordover under hausttrekket, for å overvintra nord om Sognesjøen. Noreg har eit særskilt ansvar for toppskarv: Arten er totalfreda. Dei fleste store hekkekoloniane i

landet er òg verna. Ser ein skarv ved Hordalandskysten om vinteren, er det mest alltid storskarv. Storskarv hekkar frå Trøndelag og nordover.



KALKFLORA

Møkster i mai er verd ei vitjing: Grasbakkane er då vakkert dekorerte av store mengder mørkeraud, blømande vårmarihand (biletet). I små enger mellom fjell-



knausane finn vi ein fargerik flora med mange urter. På strandnære berg veks småvaksen kystarve og dvergsmyle, og inne i sprekkane den sjeldsynte hjortetunga. Dei kalkkreujande plantene verkar reint eksotiske her ute i havgapet blant dei meir vanlege plantene. Kalken får dei frå fjellet: Møkster og naboøyane er nemleg i stor grad bygde opp av omdanna kalkstein, marmor. (Foto: Bjørn Moe)



bakkesøte
blodstorke-
nebb
blodtopp
gjeldkarve
hjortetunge
jordnøtt
kusymre
nattfiol
rundscolm
sandarve
vill-lin
vårmari-
hand
åkermåne

HASSEL I HAVGAPET

*Dei første menneska som slo seg ned på Hordalandskysten, hadde bassel-
nøtter med seg frå sør. Det resulterte i ei rask spreiding av dette treslaget.
Då dei første bøndene seinare rydda skogen for å få beitemark til bus-
dyra, vart hasselen fortregnd til bergskover og andre utilgjengelege stader.
Men her klorte han seg fast, og har vorte verande, like til i dag. Historia
til hasselen på Møkster kan såleis vera meir enn 11 000 år (©123). Den
kalkrike berggrunnen på Møkster har vore til god hjelp, sjølv på stader
med lite jordsmonn. Der havet står på, kan ein finna låge, krypande
basselkratt, knapt halvmetere høge, som breier seg utover strandberga.*

*På Møkster veks òg reine hasselskogar, eit særsyn i kulturlandskapet
ved havet. (Foto: Helge Haukeland)*

